

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 07.04.2014

Vår ref.: 200902805-19, 201002635-11, 201102986-16,
201200220-12, 201200950-12, 201400304-5,
200901730-12, 201001556-14, 200707232-19

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamarar:

Bjørnar Hviding Roalkvam

22959471

bjro@nve.no

Fleire søkjarar – Søknad om løyve til å byggje fleire småkraftverk i Ørskog og Sykkylven kommunar i Møre og Romsdal – høyring

NVE har motteke søknadar frå fleire søkjarar om løyve etter vassressurslova til å byggje 10 småkraftverk i Ørskog og Sykkylven kommunar. Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av anlegga med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknadane skal handsamast på same tid og samla belastning for regionen skal vurderast. NVE ønskjer at høyringspartane vurderar kvar sak for seg, men også alle sakene samla, der det er relevant. Det ligg ved eit oversiktskart som viser dei planlagde kraftverkas plassering i høve til kvarandre.

Ørskog kommune

Grytavatnet kraftverk – Grytavatnet kraftutbygging

Grytavatnet kraftverk vil nytte eit fall på 255 meter i Vaksvikelva, frå vassinntaket på kote 475 til kraftstasjonen på kote 220. Vassvegen er planlagd som 3490 meter nedgrave røyrgate på sørsida av elva. Det er planlagd 190 meter ny veg til kraftstasjonen og mellombels anleggsvei langs røyrkata. Middelvassføringa er 0,88 m³/s og kraftverket er planlagd med ein maksimal slukeevne på 2,19 m³/s. Utbygginga vil føre til redusert vassføring over ein strekning på 3500 meter. Det er planlagd å sleppe ei minstevassføring på 50 l/s om sommaren. Grytagrova vil òg bidra til vassføringa i elva. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 4,3 MW noko som vil gje ein årleg produksjon på om lag 13,5 GWh.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Kverve kraftverk – Grytavatnet kraftutbygging

Kverve kraftverk vil nytte eit fall på 130 meter i Vaksvikelva, frå vassinntaket på kote 200 til kraftstasjonen på kote 70. Vassvegen er planlagd som 2540 meter nedgrave røyrgate på nordsida av elva. Det er planlagd å forsterke 220 meter av eksisterande veg og byggje om lag 30 meter ny veg til kraftstasjonen. Langs røyrkata ønskjer grunneigarane å byggje ein om lag 2,2 km lang permanent skogsveg. Middelvassføringa er 2,3 m³/s og kraftverket er planlagd med ein maksimal slukeevne på 4,6 m³/s. Utbygginga vil føre til redusert vassføring over ein strekning på 3030 meter. Det er planlagd å sleppe ei minstevassføring på 250 l/s om sommaren og 210 l/s om vinteren. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 4,7 MW noko som vil gje ein årleg produksjon på om lag 14,6 GWh.

Vaksvik kraftverk – Vaksvik Kraft SUS

Vaksvik kraftverk vil nytte eit fall på 55 meter i Vaksvikelva, frå vassinntaket på kote 65 til kraftstasjonen på kote 10. Vassvegen er planlagd som 730 meter nedgrave røyrgate på sørsida av elva. Det er planlagd å byggje om lag 220 meter ny veg til kraftstasjonen og om lag 20 meter ny veg til inntaket. Middelvassføringa er 2,3 m³/s og kraftverket er planlagd med ein maksimal slukeevne på 4,66 m³/s. Utbygginga vil føre til redusert vassføring over ein strekning på 750 meter. Det er planlagd å sleppe ei minstevassføring på 260 l/s heile året. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2 MW noko som vil gje ein årleg produksjon på om lag 5,1 GWh.

Vestre kraftverk – Vestrekraft SUS

Vestre kraftverk vil nytte eit fall på 298 meter i Vestreelva, frå vassinntaket på kote 300 til kraftstasjonen på kote 2. Vassvegen er planlagd som 2600 meter nedgrave røyrgate på søraustleg side av elva. Det er planlagd å byggje om lag 300 meter ny veg til kraftstasjonen og mellombels anleggsvei langs røyrkata. Middelvassføringa er 0,47 m³/s og kraftverket er planlagd med ein maksimal slukeevne på 1,1 m³/s. Utbygginga vil føre til redusert vassføring over ein strekning på 2860 meter. Det er planlagd å sleppe ei minstevassføring på 25 l/s om sommaren og 30 l/s om vinteren. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2,5 MW noko som vil gje ein årleg produksjon på om lag 7,1 GWh.

Ørskogelva kraftverk – Ørskogelva kraft SUS

Ørskogelva kraftverk vil nytte eit fall på 165 meter i Ørskogelva, frå vassinntaket på kote 290 til kraftstasjonen på kote 125. Vassvegen er planlagt på austsida av elva som nedgrave rørgate med ei total lengd på 3500 meter. Det er planlagd 120 meter ny veg i tilknytning til kraftverket og oppgradering av eksisterande skogsveg på austsida av elva. Middelvassføringa er 2 m³/s, og kraftverket er planlagt med ein maksimal slukeevne på 4 m³/s. Utbygginga vil føre til redusert vassføring over ein strekning på 4020 meter. Slipp av minstevassføring er planlagd til 268 l/s om sommaren (01.05 til 30.09) og 92 l/s resten av året. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 5,5 MW noko som vil gje ein årleg produksjon på om lag 16,2 GWh.

Sykkylven kommune

Aurdal kraftverk – Aurdalselva Fallrettslag SA

Aurdal kraftverk vil nytte eit fall på 127 meter i Aurdalselva, frå vassinntaket på kote 227 til kraftstasjonen på kote 100. Vassvegen er planlagd som 1130 meter nedgrave røyrgate på sørvestleg side av elva. Det er planlagd å oppgradere eksisterande traktorveg til kraftstasjonen og eksisterande sætreveg mot inntaket må oppgraderast og forlengast med om lag 220 meter. Det er òg planlagd mellombels anleggsveg langs røyrkata. Middelvassføringa er $1,1 \text{ m}^3/\text{s}$ og kraftverket er planlagd med ein maksimal slukeevne på $2,2 \text{ m}^3/\text{s}$. Utbygginga vil føre til redusert vassføring over ein strekning på 1350 meter. Det er planlagd å sleppe ei minstevassføring på 100 l/s om sommaren og 25 l/s om vinteren. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2,5 MW noko som vil gje ein årleg produksjon på om lag 7,5 GWh.

Kroken kraftverk – Kroken Kraftverk SUS

Kroken kraftverk i Regndalselva er planlagd med to alternativ:

Alternativ 1 er å nytte eit fall på 365 meter, frå vassinntak på kote 425 til kraftstasjon på kote 60. Vassvegen er planlagd som 7-800 meter bora tunnel og 100-200 meter nedgrave røyr vest for elva. Det er planlagd å ruste opp 450 meter eksisterande skogsveg og byggje 540 meter ny veg til kraftverket. Middelvassføringa er $1,0 \text{ m}^3/\text{s}$ og kraftverket er planlagd med ein maksimal slukeevne på $1,85 \text{ m}^3/\text{s}$. Utbygginga vil føre til redusert vassføring over ein strekning på 1400 meter. Det er planlagd å sleppe ei minstevassføring på 470 l/s om sommaren og 50 l/s om vinteren. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 5,49 MW noko som vil gje ein årleg produksjon på om lag 17,4 GWh.

Alternativ 2 er å nytte eit fall på 130 meter, frå vassinntak på kote 200 til kraftstasjon på kote 70. Vassvegen er planlagd som 600 meter nedgrave røyr langs elva, først på nordsida, så kryssande til austsida. Veg til kraftverket vil følgje eksisterande skogsveg ei stykke, vidare må det byggast ny permanent veg til planlagd kraftstasjon. Det er òg planlagd mellombels anleggsveg langs røyrkata. Middelvassføringa er $1,0 \text{ m}^3/\text{s}$ og kraftverket er planlagd med ein maksimal slukeevne på $2,05 \text{ m}^3/\text{s}$. Utbygginga vil føre til redusert vassføring over ein strekning på 550 meter. Det er planlagd å sleppe ei minstevassføring på 470 l/s om sommaren og 50 l/s om vinteren. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2,3 MW noko som vil gje ein årleg produksjon på om lag 7 GWh.

Øvre Huna og Nedre Huna kraftverk – Huna kraft AS

Øvre Huna og Nedre Huna kraftverk vil nytte eit fall på høvesvis 280 meter og 155 meter i elva Huna. Vassinntaket er planlagt på kote 450 for Øvre Huna og kote 160 for Nedre Huna. Kraftstasjonane er planlagd på høvesvis kote 170 og kote 5. Vassvegen er planlagt på austsida av elva som nedgrave røyr med ei total lengd på 2000 meter for Øvre Huna, og på vestsida av elva med ei total lengd på 1750 meter for Nedre Huna. Det er planlagt å nytte eksisterande vegar i området og lage mindre avstikkarar på omtrent 100 meter for å kome fram til vassinntak og kraftstasjonar. Middelvassføringa er $0,5 \text{ m}^3/\text{s}$ for Øvre Huna og $0,74 \text{ m}^3/\text{s}$ for Nedre Huna. Kraftverka er planlagd med ein maksimal slukeevne på høvesvis $1,2 \text{ m}^3/\text{s}$ og $1,6 \text{ m}^3/\text{s}$. Utbyggingane vil føre til redusert vassføring på totalt 3500 meter av elva. Slipp av minstevassføring er planlagt til 36 l/s for Øvre Huna og 53 l/s for Nedre Huna heile året. Øvre Huna kraftverk vil ha ein installert effekt på 2,6 MW og produsere om lag 7,6 GWh årleg. Nedre Huna kraftverk vil ha ein installert effekt på 1,95 MW og produsere om lag 6,1 GWh årleg.

Det er òg fremma ei alternativ utbygging, Mellom-Huna, som vil ha inntak på kote 295 og kraftverk på kote 5. Det vil ha ein installert effekt på 2,7 MW og produsere om lag 8,3 GWh årleg.

Gimsdalselva kraftverk – Gimsdalselva fallrettseigarlag

Gimsdalselva kraftverk vil nytte eit fall på 305 meter i Gimsdalselva, frå vassinntaket på kote 455 til kraftstasjonen på kote 150. Vassvegen er planlagd som nedgrave røyr på nordsida av elva med ei total røyrlengd på 2300 meter. Det er planlagt 830 meter ny veg i tilknytning med kraftverksutbygginga, og oppgradering av eksisterande veg opp til Gimsdalssætra. Middelvassføringa er 0,87 m³/s, kraftverket er planlagt med ein maksimal slukeevne på 1,47 m³/s. Utbygginga vil føre til redusert vassføring i 3023 meter av elva. Slipp av minstevassføring er planlagt til 81 l/s heile året. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 4 MW noko som vil gje ein årleg produksjon på om lag 12,5 GWh.

I samband med søknadane vil NVE arrangere **eit offentleg folkemøte i Sykkylven i veke 19**. Dato vert kunngjort når det er kjent. Her vil søkjarane informere om prosjekta i Ørskog og Sykkylven kommunar og NVE vil orientere om behandlinga av søknadane. Det vil vere anledning til å stille spørsmål til både NVE og søkjarane.

Søknadane skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønskjer papiirutgåve av søknaden, kan de kontakte Bjørnar Hviding Roalkvam i NVE på tlf.: 22959471 eller e-post: bjro@nve.no.

NVE ber Ørskog og Sykkylven kommunar om å leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på Servicetorga på rådhusa og på biblioteket i begge kommunar fram til **30.6.2014**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden. Kommunane vil òg legge søknadane ut elektronisk på sine heimesider.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **30.6.2014**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette. Vi gjer merksam på at høyringsuttaler i utgangspunktet er offentlege dokument og at dei vert publisert på våre heimesider etter høyringa.

Med helsing

Øystein Grundt
seksjonssjef

Bjørnar Hviding Roalkvam
avdelingsingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutiner.

Vedlegg: 4 Søknad til kommunen
 Kunngjeringstekst
 Informasjonsark
 Adresseliste
 Kart

Mottakerliste:

Aurdalselva Fallrettslag AS, c/o Karl Skotte
Aurdalsvegen 113, 6230 SYKKYLVEN
Bekk og Strøm AS v/Cecilie Danielsen Skare, Kjøpmannsbrotet 5, 4352 KLEPPE
Direktoratet for Mineralforv. med Bergmesteren for Svalbard, Postboks 3021 Lade, 7441 TRONDHEIM
Else Marie Rønning, Myrebakken 44, 6230 SYKKYLVEN
Forum for natur og friluftsliv (FNF) - Møre og Romsdal, Idrettsvegen 2, 6413 Molde
Friluftsrådet for Ålesund og Omland, 6249 ØRSKOG
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6414 MOLDE
Grytavatnet Kraftutbygging SUS, v/ Karl Vaksvik, 6240 ØRSKOG
Istad Nett AS, Plutovegen 5, 6419 MOLDE
Kroken Kraft SUS, v/ Petter Velle
Vallavegen 94, 6220 STRAUMGJERDE
Kystverket Vest, Serviceboks 2, 6025 ÅLESUND
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks, 6404 MOLDE
Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Co/ Øystein Folden, 6630 TINGVOLL
Norges Jeger og Fiskerforbund, Avd. Møre og Romsdal, Skaret, 6422 MOLDE
Norges Miljøvernforbund, Postboks 593 Sentrum, 5806 BERGEN
Norges Padleforbund, Seviceboks 1 Ullevål Stadion, 0840 OSLO
Norsk Ornitologisk Forening, Sandgata 30 B, 7012 TRONDHEIM
Statens Vegvesen Region Vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER
Sykkylven Energi AS, Haugsetvegen 33, 6230 SYKKYLVEN
Sykkylven Energi AS v/Trond Trane Lauritsen, Haugsetvegen 33, 6230 SYKKYLVEN
Sykkylven kommune, Kyrkjevegen 62, 6230 SYKKYLVEN
Vaksvik Kraft SUS, v/ Arve Ørskog, Postboks 171, 6249 ØRSKOG
Vestrekraft SUS, v/ Arne Jan Sollied, 6240 ØRSKOG
Ørskog Energi AS, Postboks 220, 6249 ØRSKOG
Ørskog kommune, 6240 ØRSKOG
Ørskogelva Kraft SUS, v/ Jorunn Giskemo
Giskemo, 6240 ØRSKOG
Ålesund Sunnmøre Turisforening, Postboks 250, 6001 ÅLESUND